

Referat, styremøte LLP 28. august 2014

Stad: Arbeiderbevegelsens arkiv og bibliotek, Oslo

Kl: 10.00-15.00

Tilstade: Tom Oddby, Mads Langnes, Ole Martin Rønning, Petter Høiaas, Turid Holen, Cecilie Lintoft, Inger Lene Nytingnes (organisasjonssekretær/referent). Frå kl. 11.30 var Sigrun Rasmussen frå Riksarkivet tilstade.

Ikkje tilstade: Karin Gjelsten. Bjørn Bering frå Kulturrådet hadde ikkje høve til å delta.

Sak 9/2014. Referat frå styremøte 4. april 2014

Det vart bede om ei omformulering på sak 7/2014. Med denne rettinga vart referatet godkjent.

Sak 10/2014. Status på rekneskap pr. 1. august, budsjettsøknad til Kulturrådet og søknad om momskompensasjon. Fastsetting av stipend for 2014

Inger Lene Nytingnes orienterte om status på rekneskap, budsjettsøknad for 2015 og søknad om momskompensasjon. Pr. 1. august syner LLP sitt rekneskap eit positivt resultat på kr. 388 872. Gjenstående midlar i prosjekt for Fylkeskommunal administrasjonshistorie er kr. 100 194. I driftsstøtte er det søkt Kulturrådet om kr. 1 059 000 for 2015, av desse kr. 540 000 i omsøkte midlar. Det er søkt om kr. 91 827 i momskompensasjon for 2014.

Styret godkjenner rekneskapet.

Styret diskuterte fastsetting av stipend for 2014. Det vart semje om å lyse ut kr. 30 000 i stipend for 2014, med søknadsfrist 1. oktober 2014. Lysinga skal publiserast gjennom LLP si nettside, e-post til medlemene og på facebook.

Sak 11/2014. Lønsforhandlingar for organisasjonssekretær

Organisasjonssekretæren gjekk ut frå møterommet medan styret diskuterte saka. Saka er ikkje referatført. Lønsforhandlingar skal haldast i løpet av hausten.

Sak 12/2014. Høyringsuttale vedkomande evaluering av Kulturrådet

LLP har sendt høyringsuttale til Kulturdepartementet. Ei uttale vart sendt 7. april, og ei vart sendt 15. april.

Arbeidarpartiet sin kulturfraksjon har invitert kulturlivet til høyringskonferanse 9. september vedkomande gjennomgangen av Kulturrådet. LLP har fått invitasjon. Ole Martin Rønning og Cecilie Lintoft vil representere LLP og halde innlegg.

Sak 13/2014. «Arkivopprør»

Tom Oddby orienterte. Gudmund Valderhaug utfordra LLP i mars om å gjere «arkivopprør» i samband med at støtteordninga for privatarkiv vart omgjort til å berre gjelde musea etter føringar som vart lagt i arkivmeldinga. Kulturrådet har no omgjort dette og alle institusjonar som arbeider med privatarkiv er no inviterte til å søkje. Støtteordninga er med det tilbake, noko LLP vil gripe fatt i.

Det som bør vere ei oppgåve framover er å tydeleggjere, synleggjere og omdømme arkivfeltet. Tom Oddby skal skrive artiklar om dette i haust. Han vil og ta kontakt med Stortingspartia og deira kulturpolitiske talspersonar.

Temaet vart og diskutert med Riksarkivaren sin representant, Sigrun Rasmussen. LLP etterlyser ei meir aktiv rolle frå Riksarkivaren når det gjeld å gjere arkiv synleg i samfunnsdebatten og når det gjeld å bygge forståing for kostnader knytta til arkiv. Her bør Riksarkivaren gå i forkant. Representanten frå Riksarkivaren vil ta LLP sitt budskap med seg tilbake til Riksarkivaren.

Sak 14/2014. Landsmøte 2015

Arbeidsutvalet har utarbeidd eit notat til styret vedkomande landsmøte og konferanse 2015. Konferansen vil gå over to dagar, der privatarkiv vert tema ein dag og kommunale arkiv vert tema dag to. Ole Martin Rønning og Petter Høiaas har ansvaret for konferansen, i samarbeid med Arbeidsutvalet.

Styret vedtok at arrangementet skal haldast i Bergen 13. og 14. april. Riksarkivar Inga Bolstad skal inviterast og det skal i tillegg lysast ut «Call for papers».

Sak 15/2014. De norske arkivmøtene

Det er utarbeidd nye retningslinjer for dei norske arkivmøta. LLP hadde stillt forslag om at møta arrangerast kvart tredje år og at desse skal gå over to dagar. Desse ønskja er innfridd. Det 7. arkivmøtet skal arrangerast i 2016.

Sak 16/2014. Deltaking og representasjon på diverse konferansar

- Petter Høiaas representerar LLP på SLA sitt årsmøte 4.-5. oktober i Midelfart, Danmark.
- Karin Gjelsten og Tom Oddby representerar LLP på ICA-konferansen 11. – 15. oktober i Girona, Spania.
- Organisasjonssekretær Inger Lene Nytingnes representerar LLP på KAI-konferansen 16. – 18. september i Bodø.
- Ole Martin Rønning vil undersøkje om han har høve til å representere LLP på ODA-konferansen 13. – 14. november i Aarhus, Danmark.
- LLP sine representantar i arbeidsgruppene og styreleiar vil representere LLP på SAMDOK-konferansen og Privatarkivkonferansen 2014 15. – 16. november på Gardermoen.

Sak 17/2014. Orienteringssaker

- Prosjekt for fylkeskommunal administrasjonshistorie. Tom Oddby har oppfølgjingsansvar. Han har vore i kontakt med representantar for fylkeskommunane for å undersøkje mulegheitene for at fylkeskommunane vil bidra til å finansiere dette prosjektet. Oddby skal delta i møte med prosjektgruppa.
- Fellesmøte mellom organisasjonane: Norsk Arkivråd har meldt at dei vil ta initiativ til årets møte. LLP avventar til NA tek kontakt.
- Livsvarig medlemskap til Ivar Fønnes: Ivar Fønnes fekk i samband med at han gjekk av som Riksarkivar eit livsvarig medlemskap i gåve frå LLP. Organisasjonssekretær skal utarbeide forslag til kva eit slikt medlemskap skal innebære.